Telemark
FYLKESKOMMUNE

Arkivsak
26/09861-9
Sakshandsamar
Oda Marie Søli Langbach

Saksgang	**Møtedato**
Partssammensatt utvalg	03.11.2026
Yrkesopplæringsnemnda	04.11.2026
Telemark ungdomsråd	05.11.2026
Hovedutvalg for utdanning, folkehelse og tannhelse	11.11.2026
Fylkesutvalg	18.11.2026
Fylkestinget	02.12.2026

Samarbeid om maskiner og utstyr vidaregåande opplæring

Innstilling frå fylkesdirektøren
Saka tas til orientering.

Bakgrunn og saksgang
I verbalpunkt 11 i Handlings- og økonomiplan 2026-2029 bad Fylkestinget fylkesdirektøren om å leggje fram ei sak om korleis opplæringa i den vidaregåande skulen i større grad kan utnytte utstyr på ein betre måte, og samstundes redusere kostnadene gjennom auka samarbeid med næringslivet og bedrifter om bruk og innkjøp av utstyr til skulane.

Ei orienteringssak om kva skulane samarbeider om i dag og kva gåver dei har fått var til behandling i møterekke tre, men sende tilbake med følgjande vedtak i hovudutval for utdanning folkehelse og tannhelse:

> *Hovedutvalget mener at saken ikke svarer godt nok ut verbalforslaget. Hovedutvalget sender saken tilbake igjen til administrasjonen og ønsker en bredere utredning på hvordan skolene jobber med samarbeid om maskiner og utstyr i videregående skole, hvilke støtte de får i arbeidet fra fylkeskommunen, hvor det er forbedringspotensiale og om det er mulig å få til et bedre samarbeid begge veier.*

Saka blir laga fram for Partssamansett utval, Yrkesopplæringsnemnda, Telemark ungdomsråd og Hovudutval for utdanning og kompetanse til uttale, Fylkesutvalet avgjer innstilling til Fylkestinget som gjer endeleg vedtak.

Saksopplysningar
Fylkestinget sitt vedtak i sak 113/25, Handlings- og økonomiplan 2026-2029, verbalpunkt 11:

> *Fylkestinget ber fylkesdirektøren legge frem en sak om hvordan opplæringen i den*

videregående skole i større grad kan dra nytte av og redusere kostnadene til utstyr ved at man i større grad samarbeider med næringsliv og bedrifter om bruk og innkjøp av utstyr til skolene.

Dagens situasjon

Dei vidaregåande skulane i Telemark har allereie i dag noko samarbeid med næringslivet, anten i form av utplassering for elevar, lån av utstyr, rabatterte prisar eller mottaking av gåver. Regelverk om offentlege anskaffingar, forvaltning og opplæring set avgrensingar til inngåing eller framhald av ulike typar samarbeid. Samarbeid med næringslivet om utdanning av elevar, kan vere krevjande. Det er forbetringspotensiale rundt utplassering av elevar ved fleire vidaregåande skular, men dette vil ikkje føre til innsparingar.

Fylkesdirektøren har vore i dialog med alle skular, og det er sendt ut ei spørjeundersøking til administrasjonsleiarane ved skulane. I spørjeundersøkinga vart det stilt spørsmål rundt eksisterande samarbeid og moglegheit for framtidig samarbeid.

Etter samtaler og svar på spørjeundersøkinga finn vi at nokre skular har gunstige leigeavtalar av maskiner som blir brukte i undervisning. Ein skule får bruke demo-rom på ein sjukeheim kostnadsfritt, fleire skular har fått gåver, og andre bytelåner eller låner utstyr mellombels av andre skular. Nokre avdelingsleiarar har vore flinke til å forhandle gode prisar ved innkjøp av forbruksmateriale brukte i undervisning. Det er nå etablera ny felles rammeavtale for skulane.

Det bør etablerast felles rutinar for samarbeid og mottaking av gåver

I sambandet med mottak av gåver, har Telemark fylkeskommune retningslinjer for den enkelte tilsett, men det manglar ein felles rutine for skulane generelt, og dessutan korleis gåvene blir rapporterte inn til økonomi. Det er derfor behov for felles rutinar i samband med vurdering og godkjenning av gåver for å sikre at det ikkje følgjer med vilkår eller gevinstar for den givande bedrifta. Det bør lagast tydelege retningslinjer og rutinar for inngåing av samarbeidsavtalar og mottaking av gåver der ein sikrar at regelverk blir oppretthalde, og ansvarsområda til partane står sentralt. Rutinane må vere godt kjende på skulane og lett tilgjengeleg.

Utfordringar knytte til samarbeid om maskiner og utstyr

I spørjeundersøkinga vart skulane spurde om grunnane til at dei i dag ikkje samarbeide om utstyr. Svara omhandla utfordringar knytte til lange avstandar, at det ikkje finst tilsvarande anlegg i Telemark, skulen har allereie det nødvendige utstyret og at utstyret blir brukt i undervisninga heile tida, og dessutan at det ofte ikkje lèt seg gjere å flytte på store maskiner, og at dei derfor er ueigna å dele på.

Moglegheiter for samarbeid

Skulane vart også spurde om det er ulike typar utstyr dei i dag ikkje samarbeid om, men kunne ha samarbeidd om. Her vart det nemnt at det eksempelvis kan samarbeidast om mikroskop, lab-utstyr, hjelpemiddel innan helse og relevant utstyr brukt i friluftslivsmål i aktivitetslære som ikkje blir brukt konstant. Men det blir samtidig vist til utfordringar knytte til frakt og henting av utstyr, slitasje på utstyr, hyppig bruk og at det til dømes er behov for utstyret på alle skulane

samtidig i samband med munnleg praktisk eksamen. Testutstyr på idrett er noko anna som det kan opprettast samarbeid om, og Bø vgs. har mellom anna ein samarbeidsavtale med USN og kan gjennomføre fleire av testane i samarbeid med dei. Større og dyre reingjeringsmaskiner er også noko fleire skular kan samarbeide om. Utfordringa her er at skulane planlegg storvask til feriar der slike maskiner blir brukt. Det vil seie at alle skulane har bruk for same maskin samtidig, og det blir truleg berre i lengre feriar som sommarferiane der det er mogleg å flytte maskiner mellom skulane.

Samarbeid om utstyr og maskiner mellom dei vidaregåande skulane i Telemark

Avdelingsleiarar på dei vidaregåande skulane er delvis klar over utstyr dei ulike skulane har og opprettar samarbeid ved behov og der det er mogleg. Alle skulane har ein kultur der dei ser etter moglegheiter for samarbeid og reduserte kostnader rundt utstyr og materiale. For å få til meir samarbeid om maskiner og utstyr på tvers av skulane, burde det ha vorte laga ein database for alt type utstyr dei ulike skulane har og kva moglegheiter det er for lån. Dersom dette skal opprettast, må databasen og rutinane implementerast hos lærarane som har utstyret, og lærarar som har behov for utstyret. Det må vere klart kven som har ansvar for oppdatering av lista, kommunikasjon mellom skulane for booking og transport av utstyret. Det må også vere klare retningslinjer rundt kven som har ansvar for vedlikehald, og det må sikrast at utstyr ikkje blir levert tilbake øydelagt utan å melde frå eller utan å erstatte/reparere utstyret. Når fylkeskommunale oppgåver skal løysast med færre tilsette, er det krevjande å finne ei god løysing på korleis administrering og logistikk rundt deling av utstyr kan løysast på ein god måte. Eit slikt opplegg krev at nokon jobbar kontinuerleg med dette, og dessutan frakter utstyr. Rutinen må kunne fungere i praksis og ikkje bli eit opplegg som ikkje blir brukt.

Det er ei uvisse rundt innsparinga på innkjøp av eige utstyr kontra kostnader knytte til hyppigare vedlikehalds-, transport- og auka lønnskostnader knytte til administrasjon av ei delings/samarbeidsordning. Det kan vere meir lønnsamt med samarbeidsordningar om større og kostbare maskiner og utstyr der det lèt seg gjere. Til dømes blir det no laga ein eigen database for bilparken, der mellom anna skulane lettare kan sjå når ein minibuss er ledig og kan booke denne etter behov.

Betre utnytting av lokale, maskiner, utstyr og kompetanse på skulane

Ved lån av utstyr må vi ikkje komme i ein situasjon der eleven har krav på bruk av utstyret, men at det ikkje er tilgjengeleg. Lærarane kommenterer at det er vanskeleg å sjå for seg korleis dei skal få til gode læringsmoglegheit for elevane, utan at det betyr at skulen sjølv må bruke pengar på halde seg oppdatert på utstyr, men at ein til ei viss grad kan få til samarbeid. Det er eit potensiale i å bruke utstyret og spesialkompetansen til skulane meir effektivt. I staden for å setje søkjelys på å redusere kostnader ved å unngå innkjøp, kan skulane sjå på andre moglegheit for å utnytte plassen og utstyret betre. Til dømes kan skulane leige ut lokala sine til kurs eller andre aktivitetar på kveldstid. Det ligg også ei moglegheit i å arrangere kurs for bedrifter dersom det er behov for kompetanse på bedrifter som lærarane på skulen har. Dette fordrar at det er eit behov i marknaden, at lærarane har kapasitet til å jobbe på kveldstid i tillegg til ordinært arbeid (evt. innleigde kurshaldarar), og at skulen har kapasitet til den ekstra administrasjonen rundt kursopplegget.

Samarbeid med lokalt næringsliv

Auka samarbeid mellom skular, bedrifter og andre aktørar kan gi betre ressursutnytting og tilgang på litt meir moderne utstyr. Dersom det er spesialutstyr det er behov for, eller utstyr det er relevant for elevane å bruke/sjå i samband med undervisninga, kan det vere mindre problematisk å samarbeide med lokalt næringsliv for ein kort periode. Til dømes har enkelte skular i distrikta tett samarbeid med lokalt næringsliv, der elevar er utplassert for ein periode og får høve til å prøve/få opplæring på ulikt utstyr bedriftene har i staden at skulen gjer anskaffing av alt utstyret sjølv. Fleire skular kan oppmodast til liknande opplegg og bli meir oppsøkjande mot lokalt næringsliv som har utstyr som kan vere relevant for elevane våre i undervisninga. Det som set avgrensingar, er avstanden til aktuelle bedrifter og regelverk om offentleg anskaffing og opplæringslova.

Behovet for opplæringa for maskiner og utstyr

Opplæringslova § 15-6 stiller krav om at skulane skal ha tilgang til nødvendig utstyr, inventar og læremiddel. Dette inneber ikkje at skulane må eige alt utstyr sjølv, men at tilgangen må vere tilstrekkeleg til at opplæringa kan gjennomførast i samsvar med læreplanane. Elevane skal utvikle ferdigheiter gjennom praktisk arbeid, øving og bruk av relevant utstyr. Dette føreset at skulane har tilgang til nødvendig utstyr når undervisninga skal gjennomførast. Sjølv om delar av opplæringa kan gå føre seg på andre arenaer, vil det vere krevjande å basere den ordinære undervisninga på maskiner og utstyr som er plasserte hos eksterne. Behovet for transport, koordinering og tilpassing til drifta til bedriftene kan redusere fleksibiliteten og medføre auka kostnader. Det er også viktig å peike på at prøving og feiling er ein viktig del av læringa, og utstyr elevane bruker må vere eigna til slik slitasje. Maskiner og utstyr i bedrifter er eigna for bruk av trena personar og meinte for bruk i verdiskapande arbeid, ikkje nødvendigvis opplæring.

Skulane samarbeider med arbeidslivet gjennom mellom anna yrkesfagleg fordjuping (YFF), der elevane får opplæring og erfaring med utstyr og arbeidsprosessar i bedrifter. Denne ordninga gir elevane tilgang til teknologi og arbeidsmetodar som skulane ikkje nødvendigvis har sjølv. Skulane kan også gjennomføre bedriftsbesøk og andre avgrensa opplæringsaktivitetar for å gi elevane kjennskap til spesialutstyr og moderne produksjonsprosessar. Samarbeid med næringslivet kan dermed supplere skulane sine eigne opplæringsarenaer. Det kan særleg vere aktuelt for kostbart spesialutstyr som blir sjeldan nytta. For utstyr som inngår regelmessig i den praktiske undervisninga, vil behovet for tilgjengelegheit og kontinuitet avgrense moglegheitene for å erstatte skulen sitt eige utstyr med samarbeidsordningar.

Støtte frå fylkesadministrasjonen

I Telemark fylkeskommune er skulane eigne sentrale einingar, og styrer sjølv ut frå eigne budsjett og står ansvarleg for å tilby utdanninga våre elevar har krav på. Skulane står ansvarlege for å inngå samarbeid med næringsliv eller andre skular når det gjeld samarbeid om maskiner og utstyr. Ettersom skulane sjølv kjenner behova sine, er det vanskeleg for fylkesadministrasjonen å inngå samarbeidsavtalar på vegne av skulane. Fylkesadministrasjonen kan likevel i større grad bli ein rådgivande instans og bidra i etablering av samarbeidsavtalar

eller til rette leggjar. Fylkesadministrasjonen kan også etablere felles retningslinjer og rutinar som kan stimulere til og leggje til rette for auka samarbeid.

Forbetringspotensiale

Det er forbetringspotensiale knytte til samarbeid om maskiner og utstyr. Fylkesadministrasjonen og skulane kan leggje til rette og jobbe meir for ein delings- og samarbeidskultur om bruk av maskiner og utstyr. Det kan setjast i gang eit meir aktivt arbeid mot lokale bedrifter i form av utplassering av elevar og bruk at utstyr som er supplerande i samband med utdanninga. Det kan også undersøkjast vidare korleis skulane betre kan utnytte utstyr og maskiner dei allereie har og lokala på skulen når dei ikkje er i bruk.

Økonomiske, administrative og juridiske konsekvensar

Dersom skulane i tida som kommer skal samarbeide meir med næringsliv ved innkjøp eller lån av utstyr, er det ei rekke økonomiske, administrative og juridiske konsekvensar som følgjer som må utgreiast nærmare.

Samarbeid med næringsliv

Dersom ei bedrift og ein skule skal kjøpe inn ein maskin saman, må det gjennomførast ein anbodsprosess etter regelverket om offentlege anskaffingar. Dette for å sikre likebehandling, då eit felles innkjøp vil føre til ein økonomisk fordel for bedrifta. Det er viktig at innkjøp gjennomførast etter regelverket om offentlege anskaffingar, spesielt om overstig 500 000 kroner. Ved kjøp under 500 000 kroner, skal det også stillast visse krav i forhold til habilitet, dokumentasjon og god forretningsskikk. Ved innkjøp er det viktig å sikre rettferdig konkurranse, føreseielegheit og etterprøvbarheit. Vi må unngå hendingar som strir med regelverket eller tvistar knytte til vilkår, korrupsjon osb.

Gåver

Ved mottak av gåver må skulane vere påpasselege på å skilje mellom samarbeid, gåve, sponsing, anskaffing og offentleg støtte. Det må skiljast mellom bruk av utstyr kostnadsfritt kontra innkjøp/betaling av utstyret. Forvaltningslova kan spele inn her, der rettferd og etterprøvbarheit må sikrast. Anskaffingsregelverket stiller også krav, og gåver må ikkje føre til ei favorisering av tilbydar der seinare innkjøp gjerast utan å vurdere andre tilbydarar. Skulane må heller ikkje påførast andre vilkår ved mottak av gåve, og elevane må ikkje utsetjast for reklame eller kommersielt press som kan påverke haldningar, oppførsel og verdiar jf. opplæringslova §27-1. Gåver kan mellom anna ikkje takast imot dersom reklame blir retta direkte mot eleven, om det fører til produktplassering i undervisning utan pedagogisk grunngiving, krav til å bruke visse produkt eller tenester, at givar får tilgang til elevars kontaktopplysningar eller at elvar blir brukte i reklame.

Samarbeid om maskiner og utstyr

Samarbeid om maskiner og utstyr må ikkje stå til hinder for elevars tilgang på utstyr for at måla i undervisningsplanen blir oppnådde jf. opplæringslova §15-6. Dette inneber at skulen ikkje kan organisere opplæringa slik at grunnleggjande nødvendig utstyr berre er tilgjengeleg dersom dei

opprettar samarbeid med ei anna verksemd. Ein slik situasjon kan setje skulen i ein sårbar situasjon dersom samarbeid brått blir avslutta. Samarbeid med andre verksemder kan brukast for å supplere utstyret ved skulen, gi tilgang til utstyr som det ikkje er formålstenleg å eige sjølv, gi elevane erfaring med moderne og bransjerelevant teknologi, gi opplæring i realistiske arbeidsmiljø, redusere behov for investeringar i utstyr som blir sjeldan brukt og styrke overgang mellom skule og arbeidsliv. Samarbeid må likevel ikkje svekkje ansvaret for skulen for å kunne gjennomføre opplæring i samsvar med læreplanane.

Økonomisk innsparing kontra kostnader

Det er vanskeleg å rekne konkrete kostnader for innsparing eller meirkostnader knytte til samarbeid. Vi kan redusere kostnader knytte til innkjøp, men det kan bli auka lønnskostnader i samband med auka tid til planlegging knytt til logistikk og inngåing av avtalar, og ved hyppigare bruk av utstyr kjem det hyppigare slitasje- og vedlikehaldskostnader.

Konsekvensar for fylkets klimamål og FNs bærekraftsmål

Samarbeid om maskiner og utstyr kan bidra til FNs bærekraftsmål 4 God Utdanning, ved at elevar får tilgang til relevant utstyr i undervisninga. Det kan også bidra til bærekraftsmål nummer 12 Ansvarleg Forbruk og Produksjon, ved at ein gjer færre innkjøp. Gåver som blir gitt til skulane framfor at det blir kasta (som skjer i nokre tilfelle der bedrifter blir lagde ned eller skal oppdatere utstyrsparken sin) bidreg også til bærekraftsmål nummer 12. Transport av utstyr og/eller elevar ved samarbeid kan påverke bærekraftsmål 13 Stoppe Klimaendringane negativt ved auka trykk på vegnettet og auka behov for straum eller anna drivstoff.

Fylkesdirektørens vurdering

Fylkesdirektøren vurderer at det er moglegheiter for betre ressursutnytting gjennom samarbeid om maskiner og utstyr mellom dei vidaregåande skulane og næringslivet. Kartlegginga viser at skulane allereie har ulike former for samarbeid, mellom anna gjennom utlån av utstyr, gunstige leigeavtalar, gåver og bruk av utstyr i bedrifter. Omfanget og organiseringa varierer mellom skulane, og det er eit potensial for å vidareutvikle eksisterande ordningar og dele erfaringar.

Samtidig er det avgrensingar for kor langt samarbeidet kan bidra til å redusere skulane sine eigne utstyrskostnader. Skulane må ha tilgang til nødvendig utstyr for å gjennomføre opplæringa, og den praktiske undervisninga føreset at utstyret er tilgjengeleg når det er behov for det. Dette gjer det krevjande å basere ordinær undervisning på maskiner og utstyr hos eksterne. Transport, koordinering og tilpassing til drifta til bedriftene kan også medføre meirkostnader som reduserer den økonomiske gevinsten. Elevane får allereie erfaring med maskinene, utstyret og teknologien i arbeidslivet gjennom yrkesfagleg fordjuping og anna samarbeid. Dette er viktige opplæringsarenaer som supplerer undervisninga på skulane, men som i avgrensa grad kan erstatte behovet for utstyr til den ordinære undervisninga.

Fylkesdirektøren meiner likevel at det er aktuelt å vidareutvikle samarbeidet om kostbart spesialutstyr som blir nytta relativt sjeldan. Det kan også vere moglegheiter for betre utnytting

av skulane sine eigne lokale, verkstader og maskiner gjennom samarbeid med næringslivet. Dette føreset at bruken samsvarer med den ordinære verksemda til skulen, og at økonomiske, administrative og juridiske forhold blir vareteke.

Skulane har best føresetnader for å identifisere konkrete moglegheiter lokalt. Fylkesadministrasjonen kan bidra gjennom felles rutinar for samarbeidsavtalar og mottak av gåver, juridisk og anskaffingsfagleg rådgiving og deling av erfaringar mellom skulane.

Denne kartlegginga gir ikkje tilstrekkeleg grunnlag for å talfeste økonomiske innsparingar ved auka samarbeid. Fylkesdirektøren vurderer derfor at eventuelle tiltak må vurderast konkret ut frå pedagogisk nytte, praktisk moglegheit og økonomiske konsekvensar.

Vedlegg: